



Triveleg møte er over - mellom kanarifuglar og uskedelingar

Eit sjeldant besøk fann stad på Sanden i dag. To kanarifuglar på to hjul mellomlanda og vart traktert med lappar og syltetøy. Det var ei oppleving som advokat Christina Armas (36) og tollinnkrevar Jose Almeida (51) neppe kjem til å gløyme. For det er ikkje mange turistar som vert bedne på kaffe når dei ruslar rundt på ein kyrkjegard.

Det var kva som skjedde då dei to sykkelturistane tok ein liten pust i bakken her i bygda. Dei har kjøpt ei pakke som startar i Bergen og sluttar i Bergen og som mellom anna går via Finse, Flåm, Rosendal, Uskedalen, Skånevik og Stord. Norske Bygdeopplevelser heiter Lillehammerfirmaet som har dette tilbodet.

Førebels verkar det som dei 2 frå Guia nord på Gran Canaria er fornøgde med årets ferieval. Dei har solid røynsle etter sykkelturar i Skottland, Wales, Tyskland, Slovenia, Belgia og Nederland og forsikrar at dei førebels ikkje kjenner seg slitne. Valet vart Noreg dette året fordi naturen frista. Dei starta med denne spesielle formen for ferie i 2008 og kjem sikkert til å halda fram.

Men kva var det som skjedde på Sanden? Dei 2 vart observert av lokalbefolkningen og Hjørdis og Willy Holgersen nølte ikkje med å invitere dei på kaffe og lokale spesialitetar i hagen. Det vart ei triveleg stund som kan gjentakast som eit ledd i arbeidet

med å fremja Uskedalen som turistbygd.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen